

Vedlegg 1: Kartlegging av naturtypar og arts mangfald		
<b>1.C. 2</b>	Kartleggja pressområda rundt Vossevangen, Granvin/Eide, Bjørgum/Istad, Myrdalen og andre hytteområde.	
<b>1.C. 3</b>	Kartleggja gamal skog (alle treslag).	Jamfør kart som viser trealder bør lisidene på begge sider av dal føret frå Vossevangen og vestover prioritertast høgt. Det same bør skog i kalkrike område andre stader i heradet, særleg langs Hardangerfjorden og rundt Granvinsvatnet.
<b>1.C. 4</b>	Kartleggja karplanteartane bulmeurt, åkersteinfrø, dundå, huldrenøkkel og gåsefot.	
<b>1.C. 5</b>	Kartleggja semi-naturleg eng og myr i stølsområda, særleg i dei kalkrike delane av heradet.	Det er sannsynleg at det finst fleire førekommstar av semi-naturlege naturtypar i Voss enn det som er registrert.
<b>1.C. 6</b>	Kartleggja artsrike vegkantar, særleg i dei kalkrike delane av heradet.	Med tanke på skjøtsel og slått av vegkantar trengs det kunnskap om særleg artsrike vegkantar.
<b>1.C. 7</b>	Kartleggja hekke-/leveområde for rovfugl og hakkespettar.	Viltkartlegginga i heradet er av varierande kvalitet. Ein bør oppdatera kunnskapen med særleg fokus på rovfugl og hakkespettar.
<b>1.C. 8</b>	Kartleggja restaurerbart areal.	Dette er viktig kunnskap med omsyn til arealnøytralitet. I dei tilfella naturområde må byggjast ned, skal utbyggjar kunna bidra til å tilbakeføra andre område til natur. Då treng me kunnskap om kva natur som er viktigast å tilbakeføra og kvar denne ligg. Eit mogleg prosjekt kan vera ei kartlegging av myrområde med potensial for restaurering. Biofokus meiner at dette truleg er ei skrivebordøving der ulike tilgjengelege kartlag vert vurdert. Om ein supplerer med ei kartlegging av naturkvalitetar i dei same myrområda vil ein kunne laga ei liste over kor restaurering vil ha størst effekt, både med tanke på natur og klima.
<b>1.C. 9</b>	Kartleggja grøne korridorar i sentrumsområde.	Kartleggja dei grøne korridorane pollinatorar brukar i sentrumsområde.
<b>1.C. 10</b>	Kartleggja og setja verdi på trea i sentrumsområde.	Både etter Miljødirektoratets metode, men også den økonomiske verdien til trea etter rettleiarens NS 3846.
<b>1.C. 11</b>	Kartleggja førekomsten av framandartar.	Med tanke på å prioritera kva område ein skal fokusera på i kampen mot framandartar. Sjå tiltak 6.A.1: det vil vera viktig å først vurdera kva område av heradet som skal prioritertast mot nedkjemping av framandartar.
<b>1.C. 12</b>	Kartleggja status på gamle leikplassar for skogsfugl.	
<b>1.C. 13</b>	Kartleggja arts mangfaldet på sandtak med lang historikk.	Utarbeida ei liste over sandtak, både nedlagte og dei som framleis er i drift, og kartleggja arts mangfaldet på dei som har lang historikk. I forlenginga leggja planar for å ta vare på opne sandmiljø i sandtak etter at drifta er lagt ned.

<b>1.C. 14</b>	Kartleggja forholda i Vossavassdraget, særleg område som vil råkast av flaumtiltak.	Voss herad vurderer ei rekke ulike flaumsikringstiltak, mellom anna flaumvollar, tappearrangement, utvidingar. Slike tiltak må planleggjast slik at dei gjev minst mogleg skade på miljøet i vassdraget og artane som lever der, mellom anna Vossolaksen.
<b>1.C. 15</b>	Vurdera potensial og kartleggingsstatus for dei mest truga norske ansvarsartane i Voss.	Denne vurderinga bør fylgjast opp av ei målretta kartlegging av nokre av dei mest relevante artane.
<b>1.C. 16</b>	Kartleggja skogverdiar.	Kartleggja dei viktigaste skogbruksmessige areal; skog med viktige miljøverdiar, friluftsverdiar, vernskogfunksjonar m.m. Bruka denne kunnskapen som grunnlag for å handsama søknadar og prioritera tilskot. Eventuelt heildekkjande MIS (miljøregistreringer i skog) i heradet.
<b>1.C. 17</b>	Kartleggja forureina grunn.	I første omgang kan det gjerast ein screening gjennom vassprøver frå bekkar i heradet. Det kan også vera aktuelt å gjera ein kontroll av fyllmateriale i eldre veger og særleg skogsbilvegar.
<b>1.C. 18</b>	Kartleggja status på eksisterande verneområde.	Oppdatera status på eksisterande verneområde.
<b>1.C. 19</b>	Kartleggja vegkantar.	Føremålet er å få effektiv slått på rett plass til rett tid, både for å ivareta sårbare artar og nedkjempa framandartar.